

MÅRDYR (*Mustelidae*)

Vanlege langs vassdrag

Mårdyra er blodtørstige rovdyr med lang kropp og korte bein. Dei fleste har illeluktande kjertlar ved halerota.

Mår (*Martes martes*) Perfekt tilpassa skogen



Kvit brystflekk og buskete hale er karakteristisk for den årvakne måren.

Mår har vore eit ettertrakta vilt på grunn av den fine pelsen, og heilt sidan 1300-talet har mårskinn vore eksportvare frå Noreg.

I 1880-åra var eit mårskinn verdt fleire månadsløner. Fellefangsten har til tider vore så stor at arten nesten har blitt utrydda. I 1930 vart måren freda, og stamma tok seg gradvis opp att. I dag er jakt på mår i tida 01.11.-15.03

Måren har og vorte brukt som husdyr i staden for katt i gamle Grekenland.

Mink (*Mustela vison*) Inntrengjar på vikande front?



Minken er det einaste rovdyret vårt som er innført av menneska, alle viltlevande minkar stammar frå minkoppdretta. Dei tidlegaste ville stammene vart observert på 1930-talet. Sogn og Fjordane vart ikkje kolonisert før 1950-1960.

Fordi dyret er innført, ynskjer ein å utrydda arten. Den mest effektive fangstida er februar – mars då ein tek dei drektige, fastbuande hoene.

Røysekatt Tøffing med helmelin


Blir oppfatta som både nyttedyr og skadedyr. Den kvite vinterpelsen vert kalla hermelin.



Den vert kalla røys-KATT fordi den held musene borte.

Jaktida er 21.08.-15.03. Det vert i dag fanga rundt 2000 – 4000 røysekattar i året i Norge.

Oter (*Lutra lutra*) Ein sårbar dyreart!



Namnet oter tyder vassdyr. Oteren er ikkje så sjelden lenger, med er framleis ikkje jaktbar.

Oterpelsen har vore svært ettertrakta vare. Kjøtet har og vore brukt, men det smakar sterkt av tran. Eigeomsrett til gode oterplassar har. Oterskinn var viktig eksportvare allereie på 1300-talet

Snømus Modige små rovdyr



Snømusa er det minste rovdyret i landet

Sjølv om den er liten, tør den angripe ein hund!

Snømusa kan lettast skiljast frå røysekatten på at den ikkje har svart haletipp, og at den er monarleg mindre. Skinnet har vore lite brukt, men på 1700 tallet vart det brukt til "Luebræm af Quindfolk".